*Sogndal kommune*

KOMMUNAL PLAN FOR

# IDRETT, FRILUFTSLIV, FYSISK AKTIVITET OG FOLKEHELSE

2009-2012



**Vedteken i kommunestyret 11.12.2008**

*Framsidefoto: Tor Yttri*

## Overordna mål

Sogndal kommune vil leggje til rette for eit allsidig, helsefremjande tilbod innanfor idrett og friluftsliv for alle innbyggjarane.

Barn og ungdom er særleg prioriterte grupper.

I samarbeid med skular og idrettslag vil kommunen leggje til rette for idrett på høgt nivå.

### Strategiane

1. Vi skal prioritere drift, vedlikehald/rehabilitering og bygging av anlegg slik at barn og unge kan drive allsidig aktivitet i nærmiljø og skule.
2. Grøne område og plass til eigenorganisert aktivitet er ein føresetnad i alle skuleområde.
3. Vi skal prioritere anlegg og tilrettelegging som byr inn til spontan aktivitet og bruk av elv, fjord og grøne område i sentrum.
4. Vi skal samarbeide med lag, organisasjonar og institusjonar (primært skulane) for å auke aktiviteten mellom innbyggjarar og gjester i Sogndal, og samordne drift og bygging av anlegg og tilrettelegging for fysisk aktivitet.
5. Vi skal leggje til rette for mjuke trafikantar slik at fleire vel t.d. sykkel som transportmiddel.
6. Vi skal prioritere tiltak som synleggjer høvet til tur- og friluftsliv frå grendene, Sogndalsdalen og sentrum.

# INNHALD

Side

**FORORD**

**1.0 INNLEIING** 7
1.1 Bakgrunn for planarbeidet
1.2 Plankrav
1.3 Planprosess
1.4 Spelemidlar

**2.0 STATUS** 8
2.1 Resultatvurdering
2.2 Ungdomsbasen
2.3 Idretts – SFO
2.4 Oversyn idretts- og friluftsanlegg
2.5 Oversyn idretts- og friluftsaktivitet
2.6 Leikeplassar

**3.0 SOGNDAL SOM UTDANNINGSTAD FOR IDRETT OG FRILUFTSLIV** 11
3.1 Fosshaugane Campus
3.1.1 Sogndal vidaregåande skule
3.1.2 Høgskulen i Sogn og Fjordane
3.1.3 Sognahallen og Idrettssenteret
3.2 Sogndal folkehøgskule
3.3 Fjellsportfestivalen

**4.0 FOLKEHELSE** 12
4.1 Generell status
4.2 Folkehelseprogrammet – Partnerskap for folkehelse
4.3 Status Sogndal kommune
4.4 Døme på tiltak
4.5 Utfordringar i åra som kjem
4.6 Tiltak framover
4.7 Kommunehelseprofilar
4.8 Oppslutning om ulike aktivitetar og organisasjonsformer

**5.0 ANALYSE AV BEHOV FOR AKTIVITET OG ANLEGG** 16
5.1 Folketalsutvikling – Kva utfordringar vil det gi oss?
5.2 Ungdomsrådet sine prioriteringar
5.3 Arealsituasjonen for idrett og friluftsliv
5.4 Framtidig arealbehov
5.5 Utfordringar i åra som kjem
5.5.1 Utbetring av leikeplassar
5.5.2 Friluftsliv
5.5.3 Anlegg for idrett
5.5.4 Anlegg for idrett og friluftsliv
5.6 Regionalt samarbeid

Side

**6.0 MÅL OG STRATEGIAR** 20
6.1 Nasjonale mål og strategiar
6.1.1 Idrett og fysisk aktivitet for alle
6.1.2 Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet
6.1.3 Fysisk aktivitet og folkehelse
6.1.4 Universell utforming – tilgjenge for alle
6.1.5 Estetikk og miljøomsyn
6.1.6 Bevaring av biologisk mangfald
6.2 Regionale mål og strategiar
6.3 Kommunale mål og strategiar
6.3.1 Kommuneplan – Fleire innbyggarar og auka trivsel i Sogndal
6.3.2 Mål for kommunal plan idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse

**7.0 HANDLINGSPROGRAM KORTSIKTIG DEL** 25
7.1 Prioritert handlingsprogram for perioden 2009-2012
7.2 Økonomisk oversyn i prioritert handlingsplan
7.3 Hodlekve Skisenter – Oppgradering av lysanlegg i 4 steg
7.4 Mindre nærmiljøanlegg

**8.0 HANDLINGSPROGRAM LANGSIKTIG DEL** 34
8.1 Ikkje prioritert handlingsprogram for perioden 2009-2012

**9.0 OPPFØLGING OG GJENNOMFØRING – ØKONOMI** 35
9.1 Sikring av areal
9.2 Gjennomføring
9.3 Økonomi og finansiering
9.4 Konsekvensar ved brot på krav

**10 VIL DU VITE MEIR?** 37

**VEDLEGG**
1. Definisjonar til omgrep knytt til planen
2. Oversyn over eksisterande idretts- og friluftsanlegg
3. Oversyn over leikeplassar
4. Oversyn over idrettslag og grupper
5. Oppsummering etter framtidsseminar for ungdom
6. Nærare omtale av langsiktige tiltak - pkt. 8.1
7. Trimtilbod i Sogndal kommune
8. Kart over anlegg i sentrum
9. Kart over anlegg i Kaupanger
10. Kart over anlegg i Norane
11. Kart over anlegg i Sogndalsdalen/Hodlekve
12. Kart over anlegg i Fjærland
13. Kart over friluftsområde (heile kommunen)
14. Kart over planlagde anlegg (heile kommunen)
15. Kart over turvegar / turstiar i og rundt sentrum

## FORORD

Idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet er område som engasjerer mange menneske på fritida. Offentlige myndigheiter og den frivillige idretten samarbeider på alle nivå for at innbyggjarane skal få best mogelege tilhøve for å drive idrett og fysisk aktivitet, både i organiserte og i eigenorganiserte former.

Idrett og fysisk aktivitet skjer hovudsakleg i eigenorganiserte former eller i regi av idrettslag i Norges Idrettsforbund og den Olympiske Komité. I tillegg har kommersielle treningstilbod auka i omfang dei seinare åra.

Idrettsfeltet er organisert politisk og administrativt på statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå. På alle nivå føregår det eit samarbeid mellom offentlege myndigheiter og den frivillige idrettsrørsla.

Kulturtilbodet er frå 2007 ei lovpålagd oppgåve:

**§ 4.** *Fylkeskommunen og kommunen sine oppgåver:*

Fylkeskommunen og kommunen skal syte for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemder regionalt og lokalt.

***§ 5.*** *Felles oppgåver*

Staten, fylkeskommunen og kommunen skal syte for :

- at kulturlivet har føreseielege utviklingskår
- å fremja profesjonalitet og kvalitet i kulturtilbodet og leggja til rette for deltaking i kulturaktivitetar
- at personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til informasjon om ordningar med økonomisk støtte og om andre verkemiddel og tiltak.

*Frå Kulturlova. Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd*



*Foto: Tor Yttri*

# 1. INNLEIING

## 1.1. Bakgrunn for planarbeidet

Kulturdepartementet set krav om at kommunane skal utarbeide kommunale planar for idrett og fysisk aktivitet. Friluftsliv går under omgrepet fysisk aktivitet. Planen er utarbeidd i samsvar med retningslinjene frå Kultur- og kyrkjedepartementet (V-0798B). Nærare forklaring til omgrep knytt til denne planen finn du i vedlegg 1.

Ein kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet er eit politisk dokument, og difor eit styringsverktøy for å nå kommunen sine mål på dette feltet. Departementet stiller krav om at planen inneheld vurderingar av mål og resultat av førre plan.

Departementet sitt føremålet med planen er :

- sterkare kommunal styring av anleggsutbygging
- klårare prioritering i kommunen
- utvikling av anlegg sett i større og heilskapleg perspektiv.

Planarbeidet har basis i *Kommuneplan 2005 – 2015 Mål og retningsliner* som trekker opp kommunen sine visjonar og verdiar for framtida. Dessutan har *Økonomplan 2008 – 2011,* som m.a. inneheld dei 10 høgast prioriterte utviklingsområde for kommunen i planperioden, og folkehelseplanen vore sentrale dokument i prosessen.

Fylkesdelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse for Sogn og Fjordane 2006-2009 legg føringar på det kommunale planarbeidet.

Nasjonale føringar i planarbeidet har vore:

- Viktigaste målgruppa for bruk av spelemidlar er barn (6-12 år) og ungdom (13-19 år).
- Krav om universell utforming.
- Krav om å sikre barn og unge sine interesser i planlegginga.
- Krav om estetisk og miljømessig kvalitet av anlegg.

Planarbeidet har vore leia av ein politisk sakskomité med fem medlemar.

Planen har eit konkret handlingsprogram for dei fire første åra (2009-2012) med prioriterte tiltak. I tillegg inneheld planen ein langsiktig handlingsplan der tiltaka ikkje er prioriterte.

## 1.2. Plankrav

Kommunal plan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse er ein tematisk delplan som er utarbeidd som del av den samla kommuneplanlegginga for Sogndal kommune. Planen er heimla i Plan- og bygningslova kapt. IV.

Planen har ikkje juridiske verknader når det gjeld arealdisponering. Areal-vurderingar som er gjorde i planen, må vere med i arealdelen i kommuneplanen for å få rettsverknad. Prosjekt som er med i planen sitt 4-årige handlings-program skal vere avklara gjennom arealdelen i kommuneplanen.

Planen skal reviderast og rullerast i samsvar med det kommunale plansystemet. Ein revisjon er definert som ein ny plan med fullstendig sakshandsaming etter §20-5 i Plan- og Bygningslova, med slutthandsaming i kommunestyret. Vesentlege endringar av planen som til dømes at heilt nye, større anlegg eller mindre anlegg som ikkje er i samsvar med planen si målsetjing, vert teken inn i planen, krev revisjon.

Med rullering er meint mindre vesentlege endringar av handlingsprogrammet. Viss rullering berre medfører endringar i prioriteringslista av allereie oppsette tiltak (og ikkje vesentlege endringar elles), kan den politiske handsaminga verte delegert til formannskapet. Nærmiljøanlegg og mindre ordinære anlegg, kan takast inn i handlingsprogrammet ved rullering.

## 1.3. Planprosess

Kommunestyret gjorde i møtet 13.12.07 vedtak om å starte revisjon av kommunal plan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse. Vedtaket vart annonsert og elles gjort kjend gjennom kommunen si

heimeside og i brev til idretts- og friluftsorganisasjonane i kommunen, til skular, ungdomsråd, eldreråd og rådet for funksjonshemma, der alle har vorte oppmoda om å kome med innspel til planarbeidet.

Det vart oppnemnd ein sakskomité med fem medlemar. Mandat for komiteen var å utarbeide framlegg til kommunal plan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse. Komiteen skulle særleg leggje vekt på utarbeiding av mål og prioritering av tiltak.

Det har vore halde følgjande møte i samband med planprosessen:

- Informasjonsmøte for lag og organisasjonar.
- Synfaringar med Kaupanger idrettslag, Sogndal Folkehøgskule, Hodlekve Skisenter, Sogndal idrettslag og Sogndal Køyre- og Rideklubb.
- Arbeidsseminar med eit utvida Sogndal ungdomsråd.
- Møte med Rådet for funksjonshemma.
- Møte i sakskomiteen.

### 1.4. Spelemidlar

Staten yter tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Spelemidlar til bygging og rehabilitering skal vera med å gi ein infrastruktur som gir innbyggjarane høve til å drive både eigenorganisert aktivitet og aktivitet i regi av den friviljuge medlemsbaserte idretten.

Søknader om spelemidlar vert sendt gjennom kommunen der anlegget er planlagt. Kommunalplanen for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse er det styrande dokument når det gjeld prioritering av søknadene.
Fylkeskommunane set opp en oversikt over innkomne søknader, som vert sendt til Kultur- og kyrkjedepartementet.

Departementet fastset ut frå dette rammene til fylkeskommunane, som avgjer detaljfordelinga av spelemidlane til kommunane og dei einskilde anlegg.



*Foto: Ken Eivind Thompson*

## 2. STATUS

### 2.1. Resultatvurdering

Følgjande tiltak er gjennomførde i høve til den tidlegare planen:

- Partnarskapsavtalar med lag og organisasjonar.
- Sogndal turlag har etablert Barnas turlag og Ungdommens turlag.
- Ballbinge – Bøyaøyri.
- Fosshaugane Campus – stor hall m/garderobar.
- Fosshaugane Campus – squash hall.
- Fosshaugane Campus – liten hall – dans/aerobic.
- Fosshaugane Campus – klubblokale.
- Fosshaugane Campus – sykkelsal.
- Fosshaugane Campus – treningsstudio.
- Fosshaugane Campus – uthaldssal.

- Oppgradering av eksisterande lysanlegg i Hodlekve.
- Kunstgrasbane på Kvernhushaugen.
- Oppgradering og utviding av SIL-hytta.
- Jarbruene lagshytte.
- Forlenging og rehabilitering av eksisterande skitrekk og bakke i Hodlekve.
- Ballbinge i Amlabukti.
- Utvikling av klatreveggen i Sognahallen.
- Skifte av kunstgras i Sognahallen.
- Ballbinge på Rutlin.
- Elektronisk miniatyrskytebane.
- Kystledd Sognefjord.
- Bygging av ATV og Gokart bane ved Øvingsbana på Kaupanger.

Desse tiltaka er **ikkje** gjennomførde:

- Planleggje Kvåle idretts- og aktivitetspark.
- Opne nokre skogsvegar for bilkøyring.
- Merking av turstiar.
- Informasjonstavler.
- Etablering av Kystens ungdomslag.
-

Fleire av dei tiltaka som ikkje er gjennomførde, er tekne inn att i handlingsprogrammet. Anlegg som er ferdigstilte, men som ikkje har fått tildelt spelemidlar, må oppretthalde plassen sin i det kortsiktige handlingsprogrammet for å oppfylle kravet til å kunne søkje ved neste tildeling av spelemidlar.

Dei siste åra har det vore stor sprik mellom søknadssum og tildelingssum av spelemidlar. I 2008 var total søknads-summen til ordinære idrettsanlegg i fylket på 90,5 mill. kroner medan rammetilskotet var på 17,4 mill. kroner. I tillegg vart det nytta kr 746 000 inndregne midlar slik at samla løyving var på 18,2 mill kroner. Det gjev ein tildelingsprosent på 20,1 % av behovet, og at gjennomsnittleg ventetid på tildeling av midlar er ca 5 år.

Sogndal kommune søkte i 2008 om 12 mill. kroner medan tildelingssummen var 0. Konsekvensen er at tiltaka vert ståande i kø, og mange tiltak må prioriterast på nytt i denne reviderte planen.

Når det gjeld ordinære nærmiljøanlegg var det i 2008 52 søknader med samla godkjent søknadssum på 7,8 mill. kroner. Rammetilskotet var på 3,1 mill. kroner. I tillegg vart et nytta renteinnteket på kr 380 000 slik at samla løyving var på 3,5 mill. kroner. Det betyr ein tildelingsprosent på 45,3 % av behovet, og gjennomsnittleg ventetid på ca 2 år.

## 2.2. Ungdomsbasen

I den førre planperioden har Sogndal kommune etablert Ungdomsbasen. Målsetjinga er å tilby eit lågterskeltilbod innanfor fysisk, sosial og kulturell aktivitet til ungdom mellom 13 og 19 år. Aktiviteten skal skape meistring og gje grunnlag for utvikling. Ung-til-ung formidling er eit viktig verkemiddel, der ungdommen sjølv får kompetanse til å undervise anna ungdom.

Ungdomsbasen nyttar partnarskapsavtalar som arbeidsform, der dei inngår avtalar med frivillige lag, bedrifter og enkeltpersonar. På denne måten skaper dei ein møteplass mellom ungdom og det eksisterande fritidstilbodet på ein måte som ingen av dei hadde klart åleine. Døme på tilbod i Ungdomsbasen er dans, friluftsliv, free running, klatring, paintball m.m.

## 2.3. Idretts - SFO

Kommunestyret vedtok i april 2008 å delta i det nasjonale prosjektet Idretts-SFO. Det er 10 deltakarkommunar, på Vestlandet er det Bergen og Sogndal.

Prosjektet er starta av Kunnskaps-departementet og vert støtta av Norges Idrettsforbund. Skulebarn skal få boltre seg med ballar, slynger og turn etter skuletid. I vår kommune er prosjektet eit samarbeid mellom Trudvang skule og Sogndal Idrettslag. Aktivitetane skal skje på Trudvang skule og i Sognahallen.

Tilbodet vil gjelde for born frå 1. til 4. klasse. Gjennom prosjektet skal ein utvikle modellar for korleis skule og idrettslag kan samarbeide gjennom fysisk aktivitet. Målet er å auke den fysiske aktiviteten i SFO, og prosjektet skal satse på basisferdigheiter og motorisk utvikling.

## 2.4. Oversyn over idretts- og friluftsanlegg

Når det gjeld ei samla oversikt over idretts- og friluftsanlegg, vert det vist til vedlegg 2 og kartvedlegg 8-12, samt www.idrettsanlegg.no

I Sogndal er det mange små og store idrettsanlegg, og det er mogleg å drive med dei fleste former for idrett. Vi har fylkesanlegg for fotball på Fosshaugane (Fosshaugane stadion og Sognahallen), men og fotballbaner i Kaupanger (kunstgras), Norane og Fjærland. Det er ballbinge og/eller balløkke i alle nærmiljø.

Skianlegga i Hodlekve og på Kaupanger er mykje brukt både til eigenorganisert og organisert aktivitet.

Sognahallen gir eit tilbod til alle alders-grupper – både eigenorganisert og organisert.

Idrettshallen og symjehallen er eigde av fylkeskommunen. I tillegg er det eit privat symjebasseng / idrettsanlegg på Vesterland Kaupanger og eit mindre symjebasseng på Sogndal hotell.

Det er to utandørs skyteanlegg og anlegg for miniatyrskyting tre stader i kommunen.
På Kaupanger er det anlegg for ride- og travsport i tillegg eit ridesenter med ridehall i Amla.
Sogndal kommune er medeigar i Sognahallen, Kvåle Stadion, Hodlekve Skisenter AS og Sogn Ride- og Travsenter AS. Kommunen gjev eit driftstilskot til Kaupanger, Norane og Sogndal idrettslag for drift av anlegga.

Kommunen har fleire o-kart. Det er og eit nett av merka turløypar i kommunen. Du finn meir informasjon på ulike stadar:
- Sogndal turlag si heimeside og merking i terrenga.
- Sogndal og Leikanger turkart med 46 fotturar.
- Nasjonalforeningen for folkehelse med skilta folkestiar og brosjyre.
- Sogndal kommune si heimeside med oversyn over idrettsanlegg og turløyper.



*Foto: SIL O-gruppa*



*Foto: Tor Yttri*

## 2.5. Oversyn idretts- og friluftsaktivitet

Det vert her synt til vedlegg 4 og kartvedlegg 13 og 15.

Kommunen har fire idrettslag med stor og variert aktivitet. Sogndal idrettsråd er eit samordningsorgan for idrettslaga i kommunen.

Sogndal kommune sine innbyggarane har eit variert tilbod som m.a. ulike hallaktivitetar, symjing, O-løp, fridrett, fotball, skyting, sykling, riding, langrenn, alpint, styrkeløft, paragliding, dykking, segling og motorsport.

Idrettslaga har samla 2 936 medlemar, av desse er 953 i aldersgruppa 6 -12 år og 527 mellom 13 og 19 år (tal frå 2008).

Hodlekve Skisenter AS er ikkje ført opp med eigne medlemar, men legg til rette for langrenn og alpint for medlemene i idrettslaga. Idrettssenteret har utvikla seg til ein stor aktør innanfor fysisk aktivitet, både eigenorganisert og organisert (gruppetilbod). Liv og Lyst tilbyr treningar i Idrettshallen fleire kveldar i veka. Helselag og familie- og kvinnelag er mellom dei som har tilbod om trim og turar for eldre. Studentane i Sogndal har sitt eige idrettslag, Studentspretten. Du finn oversyn over alle lag og organisasjonar på kommunen si heimeside.

Organisasjonar som driv organisert friluftsliv er først og fremst Sogndal turlag, Sogndal jæger- og sportsfiskarlag, speidargrupper, 4H grupper, Indre Sogn Kystlag og båtlaga.

Kartvedlegg 13 syner at Sogndal er ein kommune med omtrent uavgrensa mogelegheiter til å utøve friluftsliv, både sommar og vinter. Vi har område av nasjonal, regional og lokal verdi, masse Masse urørt natur i skogen og på fjellet, isbre, ein del av Jostedalen nasjonalpark ligg i Sogndal, fiskeelvar, fjord og fiskevatn.

Friluftslivet er elles i stor grad ein eigenorganisert aktivitet som har ei stor rolle i folkehelseperspektiv. Turtilbodet er såpass variert at det er turforslag som passar for alle innanfor kommunegrensa.

### 2.6. Leikeplassar

Leikeplassen er det viktigaste nærmiljøanlegget for dei yngste innbyggjarane våre. Kvaliteten på leikeplassane er viktig for å stimulere til fysisk aktivitet gjennom leik.

I 1997 vart det gjennomført ein eigen miljørevisjon som også omfatta reguleringsplanar i høve til realisering og kvalitet på leikeplassar. Då vart det sett av eit mindre årleg beløp til årleg opprusting av leikeplassar.

Leikeplassutstyr har i ein del situasjonar vist seg å medføra skader, og det var bakgrunnen for at det i 1996 kom ei eiga forskrift om som omhandlar tryggleik ved leikeplassutstyr.

Sogndal kommune eig leikeplassar på skule og i barnehage. I 2002 vart det gjennomført tilsyn på desse leikeplassane der fokus var uteområde og leikeapparat, fundamentering, fallunderlag og kva festemiddel som var nytta. Det er rektor og styrar sitt ansvar å gjennomføre det daglege tilsynet og inkludere leikeplassen i intern kontroll rutinane.

## 3.0 SOGNDAL SOM UTDANNINGSTAD FOR IDRETT OG FRILUFTSLIV

### 3.1 Fosshaugane Campus

Fosshaugane Campus er eit samarbeid mellom kommunen, vidaregåande skule, høgskulen og Sogndal Fotball. Det omfattar både eit samarbeid om felles bruk av areal og eit pedagogisk samarbeid. Til saman omfattar denne satsinga 1150 elevar og 1500 studentar.

På Fosshaugane Campus finn du fotballanlegget til Sogndal Fotball, Idrettssenteret og Sognahallen.

#### 3.1.1 Sogndal vidaregåande skule

Skulen har ei eiga linje for idrettsfag. Utdanningsprogrammet gir generell studiekompetanse og høve til vidare studium ved høgskular og universitet. Det gir og grunnlag for å ta på seg trenarjobb innafor idretts- og friluftsliv, spesielt innafor barneidrett.

#### 3.1.2 Høgskulen i Sogn og Fjordane (HISF)

Høgskulen tilbyr studie innan idrett og friluftsliv som rettar seg både mot skuleverket og mot fritids- og reiselivssektoren. Undervisninga føregår i Sogndal på Fosshaugane Campus eller ute i naturen.

Bachelorstudium:
- Friluftsliv
- Idrett, fysisk aktivitet og helse

Årsstudium:
- Idrett

Andre studium/emne:
- Brekurs
- Fjord Heritage – Nature, Conservation and Cultural Heritage of Western Norway.

#### 3.1.3 Sognahallen og Idrettssenteret

Idrettssenteret AS er eit aksjeselskap med ideelt føremål. Idrettssenteret AS er eigd av Norsk Idrett gjennom Sogn og Fjordane Idrettskrins og Sognahallen AS. Idrettssenteret sitt hovudmål er å skape eit ressurssenter som kan auke det idrettsfaglege kunnskaps- og kompetansenivået i heile Sogn og Fjordane.

Satsingsområde og målgrupper:
- Treningssenter for alle (breiddeidrett/mosjonisttilbod)
- Kurs og formidling som rettar seg mot alle grupper som skal rettleie, trene og instruere andre innafor eit breidt spekter av fysisk aktivitet
- Forsknings- og utviklingsprosjekt for å auke kompetanse innafor idrett, fysisk aktivitet og helse overfor ulike målgrupper
- Medisinske testar innafor førebyggande arbeid, kurativ verksemd og rehabilitering overfor ei rekkje grupper.

### 3.2 Sogndal Folkehøgskule

Folkehøgskulen har mange val for idrett og friluftsliv:
- Bratt og Glatt
- Friluftsliv
- Ski og klatring
- Idrett
- Naturfoto

### 3.3 Fjellsportfestivalen - Bratt Moro

Denne festivalen vart første gong arrangert vinteren 2008. Med dei naturgitte tilhøva vi har for ein slik festival er det viktig at dette vert eit årleg arrangement.

Denne festivalen er med å oppretthalde Sogndal sin status som ein allsidig idretts- og friluftslivskommune. Det er og viktig for å oppretthalde Sogndal sin status som ein kommune med topp kompetanse innan idrett og friluftsliv.



*Foto: Sogndal kommune*

## 4.0 FOLKEHELSE

Strategiane for å styrkja folkehelsa femner vidt, og omfattar alle område i samfunnet, som i skulen og barnehagen, på arbeidsplassen, i fritida, i lokalsamfunnet og i heimen. Alle sektorar påverkar helse og trivsel, og folkehelsearbeidet er tverrfagleg, sektorovergripande og avhengig av politisk forankring[1]. Mål og tiltak som er trekte opp i handlingsplanen for folkehelse vil bli tekne inn her så langt dette er naturleg.

### 4.1 Generell status

Regelmessig fysisk aktivitet fører til overskot og er ei kjelde til trivsel i kvardagen. Utviklinga i dag er mindre fysisk aktivitet i kvardagen knytt til arbeidsplass, skule og ved transport enn tidlegare. Dette var bakgrunnen for at regjeringa i 2004 la fram handlingsplanen *Saman for fysisk aktivitet 2005 – 2009*. Planen har over 100 tiltak for å få folk til å vera meir fysisk aktive, og trekker også fram fysisk aktivitet som eit viktig verkemiddel i behandling, habilitering og rehabilitering i helsetenesta.

Stillesitjande aktivitet framfor skjerm og auka bilbruk er mellom dei viktigaste grunnane til mindre fysisk aktivitet. Ei

[1] ) IS-1/2008 Rundskriv Nasjonale mål, hovedprioriteringer og tilskudd for 2008

undersøking av folk sine reisevanar viser at tre av fire i aldersgruppa over 13 år har tilgang til sykkel, men at få brukar han. Ei nasjonal kartlegging viser at om lag 80 prosent av 9-åringane oppfyller det nasjonale rådet om minst 60 minuttar dagleg fysisk aktivitet, mellom 15-åringane er denne andelen redusert til 60 prosent.

Tal frå Levekårsundersøkinga 2005 viser at andelen vaksne som mosjonerer har auka i perioden 1995 – 2005. Dette gjeld først og fremst i dei eldre aldersgruppene med høg sosioøkonomisk status. Utviklinga i fleire land viser det same, nokre er svært aktive, samstundes som ei stor gruppe har lågt aktivitetsnivå.

Redusert aktivitet medverkar til overvekt og sjukdomsutvikling, og er i ferd med å bli eit folkehelseproblem. Hovudutfordringa i folkehelsearbeidet er å motivera inaktive til aktivitet og å leggja tilhøva til rette for alle kan vera aktiv i dagleglivet.

### 4.2 Folkehelseprogrammet - Partnarskap for folkehelse

Folkehelseprogrammet er eit nasjonalt program. Målet med programmet er eit aktivt folkehelsearbeid, der førebygging og faktorar som er viktige for folkehelsa, er prioriterte oppgåver. Sogn og Fjordane er eit "fyrtårnsfylka" i staten si satsing på Partnarskap for folkehelse.

### 4.3 Status i Sogndal kommune

Sogndal kommune har vedteke å delta i det nasjonale folkehelseprogrammet gjennom ein partnarskapsavtale med fylkeskommunen.

I Plan for folkehelsearbeid 2005 – 2008 har kommunen i første del av programmet prioritert barn og unge – og lagt vekt på fysisk aktivitet, rus- og tobakksførebygging, helsefremjande skular, fritidsmiljø/MOT og psykisk helse. I andre del av programmet har kommunen prioritere eldre, kronisk sjuke og vaksne som er lite mobile.
Det er oppretta eit folkehelseråd som skal vere eit rådgjevande organ og ein møteplass for utveksling av idear og utvikling av nye prosjekt.

## 4.4 Døme på tiltak

**Fysisk aktivitet i skulen**
Skulane i Sogndal kommune satsar på fysisk aktivitet. Trudvang skule har i den førre planperioden delteke i eit samarbeidsprosjekt med Høgskulen i Sogn og Fjordane. Den helsemessige effekten av auka fysisk aktivitet vil bli presentert i eit doktorgradsarbeid.

**Ungdomsbasen**
Ungdomsbasen er eit breitt og aktivt fritidstilbod til ungdom i Sogndal kommune i alderen 13 - 16 år og 16 – 20 år, sjå omtale under 2.2.

**Trening for vaksne og eldre**
Ved Sogndal omsorgssenter leiar fysioterapitenesta eit helsefremjande og tilpassa aktivitetstilbod for vaksne og eldre. Treninga føregår i peisestova og i fysioterapilokala. Tilbodet består av stoltrim, der deltakarane sit i ring og gjer enkle og funksjonelle øvingar for bein og armar, og for deltakarar som forflytter seg sjølvstendig, er tilbodet gruppetrening for å gje variert belastning innan uthald, styrke, koordinasjon, balanse og rørsleevne.

To ettermiddagar i veke er det individuell trening med rettleiing av instruktør. Treninga er organisert i stasjonar for å omfatta uthald, styrke og balanse alt etter behov og ynske. Fysioterapilokala er elles opne alle dagar på ettermiddagen for frivillig trening for brukargruppenen. Dette gjev den einskilde høve til å trena regelmessig på eige initiativ. Treninga bør skje i saman med pårørande, støtte- kontakt, pasientvener m.fl.

**Barselsgruppe**
Barselsgruppe er eit lågterskeltilbod om fysisk aktivitet og kosthaldsrettleiing i barsels- og ammeperioden.

**Frisklivssentral**
I perioden 1.12.07-31.5.08 gjennomført kommunen eit prosjekt kalla Frisklivssentral. Målsetjinga har vore å systematisera bruk av tilpassa fysisk aktivitet, kosthaldsrettleiing og røykeavvenning i det førebyggande helsearbeidet i kommunen. Målgruppa har vore vaksne personar som ver, eller stod i fare for å bli kronisk sjuke og som hadde behov for tilpassa fysisk aktivitet, kosthaldsrettleiing og/eller røykeavvenning.

Subjektive tilbakemeldingar frå deltakarane og objektive målingar viser ei betra fysisk og psykisk helse. Behandlarane har gitt gode tilbakemeldingar på prosjektet og ønskjer at Frisklivssentralen skal vidareførast.

Det er bestemt at prosjektet skal halda fram til utgangen av 2009.

**Andre tiltak**
Det er inngått samarbeid med lag og organisasjonar som omfattar merking av turstiar og tilrettelegging for turaktivitetar, lågterskeltreningstilbod med fokus på nakke-ryggtrening og musikk og rørsle.

## 4.5 Utfordringar i åra som kjem
Utfordringa er stadig å motivera dei som er inaktive til aktivitet, og å leggja tilhøva til rette for at det er trygt og lett for befolkninga å vera fysisk aktive i dagleglivet.

## 4.6 Tiltak framover
- Få fleire i fysisk aktivitet i fritida, m.a. gjennom informasjons- og motivasjonsarbeid, samarbeid med lag og organisasjonar og ved samarbeid på tvers i kommuneorganisasjonen.
- Offentleg satsing på gang- og sykkelvegar.
- Gjere det lettare for alle å bevega seg i sentrumsnære område ved at ein fjerna hindringar / ikkje planlegg nye hindringar i overgang mellom veg og fortau.
- Leggja til rette for sektorovergripande og samordna innsats for å fremja fysisk aktivitet på lokalplan gjennom deltaking i Partnarskap for folkehelse.
- Tilretteleggja /vidareutvikla tiltak som gjeld fysisk aktivitet i behandling, rehabilitering og aktiviseringstilbod.

I tillegg er det viktig å gjera friluftsområde lett tilgjengeleg

- ved å planleggja friområde i nær tilknyting til bustadområde
- ved å fokusera på universell tenking, planlegging og tilrettelegging

**4.7 Kommunehelseprofilar**

Kommunehelseprofilar er eit verktøy som samlar kunnskap om folkehelse-utfordringar og viktig folkehelsestatistikk på kommunenivået Profilane ligg på ein eigen nettstad, sjå kapittel 10.

Profilane presenterer data om helsetilstand, påverknadsfaktorar, demografiske og sosioøkonomiske data samt data om tenester i norske kommunar. Verktøyet vil omfatta fleire nye indikatorar i åra som kjem.



*Foto: SKRK*



*Foto: SKRK/Fred I. Husum*

**4.8 Oppslutning om ulike aktivitetar og organisasjonsformer**

Personar som trenar minst ein gong i månaden vel i hovudsak aktivitetar som kan skje ute, og som kan organiserast på eiga hand.

Dei mest populære mosjonsaktivitetane er fotturar, sykling, skiturar og symjing. Uansett treningsform er dei viktigaste motiva for å trene er å komme i betre fysisk form, mentalt overskot og glede.[1] )

Sjå vedlegg 4 (oversyn over lag og organisasjonar) og 7(trimbrosjyre) for meir informasjon om organiserte aktivitetar.

[1] ) Frå Tilstandsrapport 2003. Om idrett og fysisk aktivitet i Norge

# 5.0 ANALYSE AV BEHOV FOR AKTIVITET OG ANLEGG

## 5.1 Folketalsutvikling

Folketalsutviklinga for kommunen I viser ein moderat auke frå 2002 til 2007, noko lågare enn gjennomsnittet for landet.
Framskriving av folketalet fram mot 2020 – 2025 viser at tal personar i dei yngste aldersgruppene vil vere relativt stabil i Sogndal kommune. Aldersgruppa 67 år og eldre vil få ein sterk auke, særleg på slutten av perioden.

Staten legg likevel opp til at bruken av spelemidlar skal prioriterast på barn 6-12 år og ungdom 13-19 år. I retningslinjene for kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet heiter det:

*'Staten har som mål å legge til rette for at flest mulig skal kunne utøve idrett og fysisk aktivitet. Anleggstyper som harmonerer med aktivitetsprofilen til barn og ungdom prioriteres spesielt.*

*Videre satses det på anleggstyper som kan brukes av mange som gir mulighet for egenorganisert fysisk aktivitet. Selv om den primære målgruppen er barn og unge er det viktig å legge til rette for den eldre del av befokningen, som blir en stadig større og mer fysisk aktiv gruppe.'* [1]

Ved planlegging av anlegg bør ein ta omsyn til barna sine behov for fysisk aktivitet i eige nærmiljø, og ungdommane sine behov for variasjon og utfordringar.

[1] ) Om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet-2007, Kultur og Kirkedepartementet. V-0732.

## 5.2 Ungdomsrådet sine prioriteringar

Det vart gjennomført eit arbeidsseminar med eit utvida ungdomsråd den 27.04.2008. Ungdommane prioriterte slik:

1. Skikkeleg badestrand, der Amla og Øyane bør prioriterast. Det viktigaste rundt badeanlegget er: Strand med "sydensand", toalett, stupetårn og søppeldunkar
2. Gangveg frå Skogly til skulen
3. Gangvegar ved skulane
4. Paintball
5. Pardans for ungdom – helgekurs
6. Betre garderobeforhold i symjehallen
7. Dykking for ungdom
8. Volleyball og handball på Kaupanger
9. Skatepark
10. Sjølvforsvarskurs
11. Betre merka turløyper

Innspel 1: Amla badestrand er ei privat badestrand. Kommunen har vald å utvikle Eide som er den mest trafikkerte badeplassen i kommunen.

Innspel 2 og 3 vart meldt inn til trafikktryggleiksplanen. Skuleområdet rundt Trudvang vert etter planen utbetra i perioden 2009-2012. I 2010 vert gangvegen frå busshaldeplass til ungdomsskulen utbetra. I tillegg kjem kommunen til å etablera fleire opphøga gangfelt.

Innspel 6: fylkeskommunen har ansvar for vedlikehald og behovet er meldt inn.
Innspel 9: innspel blir handsama i planleggjinga av Kvåle idrett- og aktivitetssenter. Kommunen har sendt innspel 4,5,7,8,10 til idrettslag og ungdomsbasen for vidare oppfølging.

Fleire innspel frå ungdommane finn du i vedlegg 5.

## 5.3 Arealsituasjonen for idrett og friluftsliv

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, miljøvernavdelinga, har utarbeidd eit register for område av friluftsinteresse i fylket og for kvar kommune, kalla FRIDA.
For Sogndal kommune er det registrert fleire område av friluftsinteresse:

Nasjonalverdi:
- Anestølen

Regionalverdi:
- Torstadnakken
- Blåfjell
- Skriki
- Stedjeåsen
- området ved Dal – Helgeseter

Lokal verdi
- Gunvordalen
- Frudalen
- Navarsetevatnet
- Åberge
- Hesteggi
- Haugmelen
- Vardaheii
- Amlaholten
- Turrlifjellet
- Jakopbsdalsholten
- Fimreiteåsen
- Storehaugen
- Bjørkestølen.

I tillegg er det mindre område langs fjorden, Dalavatnet, Hodlekve, Kjørnes og museet som har lokal verdi, sjå kartvedlegg nr 13.

Kommuneplanen sin arealdel vart vedteken av kommunestyret 12.6.2008. Nytt for planen er at det er gjort prioritering innafor LNF-område. Friluftsliv skal prioriterast på Røvhaugane, Stedjeåsen og i Hodlekve. Det er område som ligg nær sentrum/ekspanderande utbyggingsområde der det er viktig å synleggjere verdien av friluftsliv, og at det ikkje vert nedbygd. Badeområda langs Dalavatnet og fjorden er enten lagt som friluftsområde, friområde eller er regulerte.

## 5.4 Framtidig arealbehov

I perioden 2005 – 2008 har det vore stor utbygging av anlegg i sentrum og på Kaupanger. I neste planperiode vil det ikkje vere det same behovet for nye areal til anlegg. Dei fleste tiltaka vil vera rehabilitering og/eller vidareutvikling av eksisterande anlegg.

Arealet ved Kvåle Idretts- og aktivitetspark er overteke av kommunen i 2008 og planlegging av dette området skjer hausten 2008 – våren 2009. Utbygginga vert vurdert i tilknyting til økonomiplanarbeidet.

Når det gjeld Hodlekve har ein starta arbeid med ein ny reguleringsplan for den nye lokaliseringa av langrennstadion.



*Foto: Anke Zondag*

## 5.5 Utfordringar i åra som kjem

### 5.5.1 Utbetring av leikeplassar

Prognosane for folketalsutviklinga i kommunen viser at det vert fleire eldre som og vil ha behov for tilrettelagde anlegg for friluftsliv og fysisk aktivitet. Dette inneber at behovet for endring i anleggstrukturen nok vil bli meir synleg etter kvart.

Samstundes er det generasjonsskifte i mange eldre bustadfelt: Vestre Leite med bustader frå 60-70-talet, Kaupanger 70-talet, Nornes 70-80 talet. Nærmiljøanlegga deira har vorte lite brukt dei siste åra og den nye generasjonen møter store utfordringar.

I tillegg er eit nytt bustadfelt under oppføring på Gurvin. Nærmiljøområdet på Vestre Leite vert og brukt av skulen og barnehagane i sentrum. Området er bratt og har berre eit tilrettelagt vintersport/ aktivitetstilbod i islegginga av ballbana. Ballbingen er ferdigstilt og sentrum treng eit allsidig nærmiljøanlegg.

Ordninga med spelemidlar kan ikkje nyttast til bygging av leikeplassar for barn under skulealder. Kommunen bør kartleggje behov for opprusting av leikeplassar. Den siste revisjon vart gjennomført i 1997 og har vore grunnlag for årleg tildeling av kulturmidlar til utbetring av leikeplassar.

Kommuneplanen peikar på at det er viktig at alle bustadområde skal ha tilgjengе til uteareal for sosiale og fysiske aktivitetar. Leikeplassar er anlegga for fysisk aktivitet for dei minste men og ein sosial møteplass i grendane.

### 5.5.2 Friluftsliv

Gjennom revisjon av Friluftslova i 1996 fekk denne ein ny føremålsparagraf:
*"Formålet med denne loven er å verne friluftslivets naturgrunnlag og sikre allmennhetens rett til fri ferdsel, opphold m.v. i naturen, slik at muligheten til å utøve friluftsliv som en helsefremmende, trivselskapende og miljøvennlig fritidsaktivitet bevares og fremmes"*

Allemannsretten eksisterer side om side med eigedomsretten. Det gjer at det påkviler både ålmenta og grunneigarane eit ansvar for gjensidig respekt og omsyn.

I heile kommunen har vi store areal med utmarksområde som høver godt for ulike former for friluftsliv og fysisk aktivitet. I dette er det likevel nokre utfordringar på korleis vi skal ta vare på og vedlikehalde turstiar, kvileplassar, område ved sjøen for bading og fiske og liknande. Eksempel på dette er turvegen (gamlevegen) frå Vikane til Kaupanger, og gamle riksvegen forbi Stedjeberget. Innspela vart meldt inn til trafikktryggleiksplanen.



*Foto: Hallstein Lie*

### 5.5.3 Anlegg for idrett

Kommunen har ei utfordring med å leggje til rette for anlegg som tilfredstiller vidare utvikling for Sogndal vidaregåande skule, Folkehøgskulen, Høgskulen og Idrettssenteret, som alle er kompetanse-senter for idrett og friluftsliv.

Idrettsanlegget og grasmatta på Kvåle Stadion treng rehabilitering. Sogndal Fotball har ingen planar om å rehabilitere Kvåle stadion sitt friidrettsanlegg. Anlegget vart etablert i 1983 og kunststoffdekka treng rehabilitering. Som vertskommune for fleire skuleslag er friidrettsbane eit viktig anlegg i undervisninga.

Med utbygginga på Fosshaugane/Kvåle, vert det større aktivitet i dette området. Det vil difor vere viktig å få ei god planlegging av dei områda som i reguleringsplanane er avsett til ”grøne område”.

Den planlagde Kvåle idretts- og aktivitetspark er difor eit prioritert tiltak i planen. Dette vil og omfatte rehabilitering av Kvåle stadion og nytt friområde på Kvåle, og skal ivareta skulane, idrettslaga og ålmenta sine behov. Like eins vil ungdomsrådet sine ønske om ulike aktivitetar verte vurderte i dette området, t.d. skatepark.

### 5.5.4 Anlegg for idrett og friluftsliv

Vinteranlegget i Hodlekve krev eige fokus i arbeidet med å utvikle Sogndal som eit godt alternativ til dei meir kjende vintersportsstadene i Noreg. Hodlekve er eit viktig aktivitetsområde i Sogndal kommune.

Dette er truleg eit av dei viktigaste områda for eigenorganisert aktivitet om vinteren, for deler av regionen. Det er stor hytteutbygging på gong i Hodlekve. Denne utviklinga vil stille større krav til kapasitet og kvalitet til vinteranlegget. Kommuneplanen gir tydelege føringar på at kommunen ynskjer å leggje til rette for vidareutvikling av Hodlekve Skisenter.

## 5.6 Regionalt samarbeid

Kultur- og Kyrkjedepartementet har gitt signal om at kommunane i fylket bør samarbeide meir om større anlegg og fysiske aktivitetar. Samarbeidet kan resultere i større brukargrunnlag som kan gje sikrare drift av anlegga og opne for større mangfald i fysisk aktivitet.

Samarbeidet kan skje om investeringar eller drift eller berre gjelde bruk av anlegga. Det er for tidleg å seie meir konkret om eit eventuelt interkommunalt samarbeid på dette fagfeltet, men det er viktig å ha i mente at slikt samarbeid vil kome, m.a.:

**Regionalt bade- og symjeanlegg**

Sogndal kommune har fått spørsmål frå Luster kommune om å delta i finansiering/drift av nytt badeland i Gaupne. I møte 16. februar 2006 gjorde Formannskapet i Sogndal kommune vedtak om å bidra med kr 300.000,- i investeringsstøtte dersom Luster realiserer eit regional badeanlegg. Det er trong for å greie ut etterspurnaden og den optimale lokaliseringa, før det vert fatta vedtak om regionalt badeanlegg.

**Kystled Sognefjord- prosjekt Leidang**

Prosjektet er eit regionalt samarbeidsprosjekt mellom Sogn Regionråd, De Heibergske Samlinger-Sogn Folkemuseum og Indre Sogn Kystlag. Kystled er eit fellesomgrep for tilretteleggingstiltak for ferdsel med eller utan overnatting langs kysten både til vanns og til lands (kyststi). Forprosjektet skal etablere samarbeidet og byggje to båtar. Forprosjektet har fått kr 50.000 i tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

## 6.0 MÅL OG STRATEGIAR

### 6.1 Nasjonale mål og strategiar

For å sikre at anlegg er behovstilpassa og idrettsfunksjonelle, og for å sikre at det blir teke omsyn til estetikk og miljø, skal planar for det enkelte anlegg førehandsgodkjennast av kommunen eller staten (idrettshallar og andre større anlegg).

#### 6.1.1 Idrett og fysisk aktivitet for alle

Staten har som mål å bidra til bygging og rehabilitering av infrastruktur, slik at flest mogeleg kan drive idrett og fysisk aktivitet. Det offentlege har ikkje ansvar for å etablere anlegg for alle typar idrett og nivå i alle lokale samanhengar. Det er viktig og nødvendig at ein vurderer behovet på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. I den samanhengen framhevar staten at dei viktigaste målgruppene for bruk av spelemidlar er barn (6-12 år) og ungdom (13-19 år).

*St.meld.nr. 14 (1999-2000) Idrettslivet i endring* slår fast at visjonen for statleg idrettspolitikk er idrett og fysisk aktivitet for alle. Det inneber at flest mogeleg skal ha høve til å utøve idrett og fysisk aktivitet. Staten ynskjer i utgangspunktet at idrettspolitikken skal vere inkluderande.

I meldinga heiter det mellom anna:

1. *"Staten vil støtte den frivillige, medlemsbaserte idretten økonomisk, slik at idrettsorganisasjonen kan opprettholde og utvikle et omfattande og godt aktivitetsnivå, primært på lokalt nivå."*
2. *"Den samla anleggsmassen skal gi flest mulig anledning til å drive idrett og fysisk aktivitet. Anleggsmassen bør tilpasses aktivitetsprofilen i befolkninga. Den statlige idrettspolitikken skal bidra til at befolkninga har et bredt spekter av lokalt forankra aktivitetstilbod, både i regi av den frivillige medlemsbasserte idretten og gjennom muligheit for eigenorganisert aktivitet."*
3. *"Staten vil støtte norsk toppidrett økonomisk, slik at grunnlaget for et etisk og faglig kvalifisert toppidrettsmiljø sikres, og at toppidretten fremdeles kan framstå som en kulturell idrettsskapar i det norske samfunn."*

#### 6.1.2 Friluftsliv – Ein veg til høgare livskvalitet

St.meld.nr.39 (2000-2001) definerar friluftsliv som *"opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleving"*

Målsetjinga med friluftspolitikken er *"å fremme det enkle friluftslivet for alle, i dagliglivet og i harmoni med naturen"* Vidare heiter det at *"friluftslivspolitikken bør legge hovudvekta på en kjerne av ikke konkurranseprega, ikke motoriserte fritidsaktiviteter som går føre seg på allment tilgjengelige, naturprega områder."*

Statlege strategiske mål:
Alle skal ha høve til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles.
1. Friluftsliv basert på allemannsretten skal haldast i hevd i alle lag av befolkninga.
2. Barn og unge skal få høve til å utvikle dugleik i friluftsliv.
3. Område av verdi for friluftslivet skal sikrast slik at det fremjar miljøvenleg ferdsel, opphald og hausting, og at naturgrunnlaget blir teke vare på.
4. Ved bustader, skule og barnehagar skal det vere god tilgang til trygg ferdsel, leik og anna aktivitet i ein variert og samanhengande grønstruktur med gode samband til omkringliggjande naturområde.

#### 6.1.3 Fysisk aktivitet og folkehelse

Handlingsplanen for fysisk aktivitet 2005-2009 er ei nasjonal mobilisering for betre folkehelse gjennom auka fysisk aktivitet. Fysisk aktivitet førebygg ei rekke sjukdomar og er ei kjelde til glede, livsutfolding og positive meistringsopplevingar. (St.meld.nr. 16 (2002-2003) *Respekt for et sunnere Norge).*

Folkehelseprogrammet er kommunen si tverretatlege satsinga på folkehelse, sjå omtale i kapittel 4.

### 6.1.4 Universell utforming – tilgjenge for alle

Aktiv deltaking og full likestilling for alle er eit overordna mål for staten. Kultur- og kyrkjedepartementet har utarbeida reglar for korleis idrettsanlegg skal tilretteleggast for alle brukarar (V-511). Tilrettelegging er ein føresetnad for tilskot frå spelemidlane.

Fullverdig tilgjenge med varig verknad, betyr god tilgang for alle over tid.
Løysingane skal vere varige og ha god kvalitet. Sektoransvarsprinsippet betyr at statlege, lokale og regionale myndigheiter og privat sektor har eit sjølvstendig ansvar for å ivareta omsynet til tilgjenge og universell utforming innan sine områder.

Dette ansvaret ligg og på lag og organisasjonar i planlegging, bygging og drift av sine anlegg.

### 6.1.5 Estetikk og miljøomsyn

Idretts- og friluftslivsanlegg har ofte ein sentral plass i lokalmiljøet og landskapet. Det må difor stillast store krav til utforming av anlegg og område. I 2001 gav Kultur- og kyrkjedepartementet ut rettleiaren *Idrettsanlegg og estetikk* (V-0896) Departementet ynskjer meir miljøvenlege idrettsbygg. For å stimulere til dette er det i heftet *Miljøriktige idrettsbygg* (V-0925) føreslege enkle miljømål for bygging og rehabilitering av idretts- og symjehallar.



*Foto: Tor Yttri*

### 6.1.6 Bevaring av biologisk mangfald

Bevaring av biologisk mangfald er ei overordna målsetjing i den nasjonale miljøpolitikken. Det kan oppstå konflikt mellom naturvern og biologisk mangfald på den eine sida og idretts- og friluftslivsaktivitetar på den andre. (St.meld.nr. 25 (2002-2003) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand.*

## 6.2 Regionale mål og strategiar

I Fylkesplanen for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse, er det eit overordna mål at:

- *Alle innbyggjarar skal drive fysisk aktivitet etter eige ønskje og føresetnader, på allment tilgjengelege område, i naturen og elles i anlegg som er lagt til rette i rimeleg geografisk nærleik til der dei bur.*
- *Idrett, friluftsliv og anna fysisk aktivitet som er helsefremjande, føregår for det meste i lokalmiljøet. Tilrettelegging som innbyr til aktivitet – både organisert og eigenorganisert – er avgjerande for å fremje aktivitet.*
- *Offentlege planar og tiltak må legge vekt på tilrettelegging for fysisk aktivitet og stimulering av frivillig arbeid.*

Om strategi for idrett seier Fylkesplanen vidare mellom anna:

- *Legge til rette for aktivitetar, anlegg og område som fremjar idrett, trening og trivsel.*
- *Arbeide for at alle idrettsanlegg som er bygde med tilskot frå spelemidlane vert gratis tilgjengelege for barn og ungdom under 19 år.*
- *Idrettsorganisasjonane må få rammevilkår som fremjar aktivitet og stimulerar til frivillig arbeid*
- *Stille krav til anlegg i nærmiljøet som kan samle unge om aktivitet.*

Om strategi for friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse seier Fylkesplanen mellom anna:

- *Friluftsliv basert på allemannsretten skal haldast i hevd for alle, m.a. ved å legge til rette for det enkle, tradisjonelle friluftslivet på naturen sine premissar.*
- *Område av verdi for friluftslivet skal sikrast slik at miljøvenleg ferdsel, opphald og hausting vert fremja, og naturgrunnlaget vert teke vare på*
- *Kommunane skal ta ansvar for meir fysisk aktivitet for innbyggjarane generelt, og synleggjere dette i kommunalt planarbeid.*
- *Born og ungdom som ikkje finn seg til rette i organiserte aktivitetar, skal få hjelp til å finne attraktive aktivitetar i nærmiljøet og i naturen. T.d. dans, friluftsliv og andre former for eigenorganisert aktivitet.*
- *Stimulere vaksne inaktive i fylket til aktivitet gjennom tradisjonelle trim/mosjonstilbod, ulike former for friluftsliv og eigenorganisert aktivitet. Gjerne saman med borna.*
- *Hjelpe eldre til å skape sine eigne aktivitetar, gjennom idéskaping og fokus på fysisk aktivitet.*
- *Setje fokus på behovet for fysisk aktivitet for grupper med spesielle behov. Vere støttespelar og hjelpar i universell utforming.*




*Foto: Tor Yttri*

## 6.3 Kommunale mål og strategiar

### 6.3.1 Kommuneplan

Kommuneplanen 2005-2015 har som mål:
***Fleire innbyggarar og auka trivsel i Sogndal.***

Tilboda innanfor idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse gir kommunen høve til å rekruttere nye innbyggarar og auke trivselen deira.
Det store spennet i naturen i Sogndal frå fjord til brear gir varierte tilhøve for idrett og friluftsliv. Det er viktig for mange innbyggjarar, studentar og turistar.

Kommunen ønskjer at Sogndal skal vera ein bygd der innbyggjarane er opptekne av å samarbeide for å skape utvikling og framgang:
***Gjennom samarbeid får vi ting til.***

Det er etablert idrettslag i alle deler av kommunen, med ulik grad av tilbod og aktivitet. Alle lag som driv idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet, organisert og eigenorganisert, har etter kvart utvikla ein anleggstruktur som er eit viktig element i næringsutviklinga, i skulen og kultur- og fritidstilbodet i bygda og i regionen. Laga utgjer ein viktig arena for trivsel og integrering. Dei fleste idretts- og friluftsanlegg er nettopp eit resultat av den sterke dugnadsånda som har utvikla Sogndal som bygd.

I Sogndal er det eit mangfaldig kultur-, idretts- og fritidstilbod, representert ved mange frivillige lag og organisasjonar, ungdomstiltak og arrangement i regi av kommunen og profesjonelle tilbod innan idrett og friluftsliv.

I kommuneplanen 2005 – 2015 er det lagt opp til at vi skal:

- Profilere Sogndal som kompetansesenter i idrett- og helsefag
- Legge til rette for etablering av regionale tilbod innan kultur og idrett. Sogndal skal vere eit senter for kultur og idrett
- Gi frivillige lag og organisasjonar gode rammevilkår
- Samarbeide med grendalag om å sikre grendahus og leikeplassar/friområde
- Fremje eit sunt og allsidig idretts- og fritidstilbod til alle, men og legge til rette for idrett på høgt nivå
- Arbeide for god tilgang til sjø og vassdrag for ålmenta
- Tilrettelegge for eit allsidig friluftsliv
- Tilrettelegge for møteplassar for eigenorganisert aktivitet for barn og unge
- Utvikle potensialet i Fosshaugane Campus som kultur-, nærings- og idrettsarena
- Legge til rette for utvikling av Hodlekve som vintersportstad
- Sogndal kommune skal vere eit levande, mangfaldig og utfordrande kultursentrum i regionen
- Vi skal fremje eit sunt og allsidig idretts- og friluftstilbod til alle, og leggje til rette for idrett på høgt nivå.

Strategi:

- Prioritere allsidig idrettsaktivitet og leggje til rette for at barn og unge kan vere ute i naturaktivitet
- Utvikle samarbeidsavtalar om idretts- og friluftsanlegg, vektleggje større lokalt ansvar for friområda
- Opparbeide og ta vare på nærmiljøanlegg, turløyper og friområde
- Ta vare på verdfulle utmarksområde
- Leggje til rette for idrett på høgt nivå i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane, vidaregåande skule og idrettslaga
- Støtte tiltak for kompetanseutvikling.

### 6.3.2 Mål for kommunal plan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse

**Overordna mål:**
Sogndal kommune vil leggje til rette for eit allsidig, helsefremjande tilbod innanfor idrett og friluftsliv for alle innbyggjarane.

Barn og ungdom er særleg prioriterte grupper.

I samarbeid med skulane og idrettslag vil kommunen leggje til rette for idrett på høgt nivå.


*Foto: Tor Yttri*

**Strategiane**

1. Vi skal prioritere drift, vedlikehald/rehabilitering og bygging av anlegg slik at barn og unge kan drive allsidig aktivitet i nærmiljø og skule

2. Grøne område og plass til uorganisert aktivitet er ein føresetnad i alle skuleområde

3. Vi skal prioritere anlegg og tilrettelegging som byr inn til spontan aktivitet og bruk av elv, fjord og grøne område i sentrum

4. Vi skal samarbeide med lag, organisasjonar og institusjonar (primært skulane) for å auke aktiviteten mellom innbyggjar og gjestar i Sogndal, og samordne drift og bygging av anlegg og tilrettelegging for fysisk aktivitet

5. Vi skal leggje til rette for mjuke trafikantar slik at fleire vel t.d. sykkel som transportmiddel

6. Vi skal prioritere tiltak som synleggjer høvet til tur- og friluftsliv frå grendane, Sogndalsdalen og sentrum.


*Foto: Tor Yttri*


*Foto: Tor Yttri*

## 7.0 HANDLINGSPROGRAM KORTSIKTIG DEL

### 7.1 Handlingsprogram for perioden 2009-2012

Handlingsprogrammet syner prioriterte tiltak dei fire første åra.

| Nr. | Tiltak | Prosjekteigar | Stad | År[2] | SM[3] | Kort omtale med grunngjeving for behov |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1. | Utbygging av Kvåle idretts- og aktivitetspark | Kommunen i samarbeid med fleire aktørar | Kvåle | 2008-2010 | Ordinær | Innspel har peika på behovet for meir grasareal til eigeorganisert ballspel, rehabilitering av idrettsanlegget Kvåle Stadion, sandvolleyballbaner, fleirbruksbane med asfalt/kunststoffdekke, skatepark, utandørs bordtennisbord og gang-, sykkel- og løpsti/veg utan fast dekke. Planlegging av området må ta omsyn til flytting av "grusbana". Arealet er ikkje stort og det er mange brukarar og interesser, m.a. skulane. Det er difor viktig med ein heilskapeleg plan for området – utforma i nært samarbeid mellom kommunen og dei ulike aktørane - planlegging skjer hausten 2008. |
| 2. | Fjordstien, frå nes til nes | Kommunen i samarbeid med fleire aktørar | Strekninga Hagelin - Nestangen | 2008-2010 | Ordinær | Tiltaket er på lista over dei 10 høgast prioriterte utviklingsområda for Sogndal kommune i planperioden. Fylkesmannen har gitt tilsagn om juridisk hjelp til å erverva areal ved skjøn. |
| 3. | Stor hall m/garderobar | Sogndal fotball AS | Fosshaugane Campus | 2005 | Ordinær | Hallen er ferdig bygd og etter fylkesdelplanen skal prosjektet ha startløyving i 2009. |
| 4. | Squash-hall | Sogndal fotball AS | Fosshaugane Campus | 2005 | Ordinær | Hallen er ferdig bygd. Anlegget ligg inne i den langsiktige delen av vedteken fylkesdelplan. |
| 5. | Liten hall-dans/aerobic | Sogndal fotball AS | Fosshaugane Campus | 2005 | Ordinær | Hallen er ferdig bygd. Anlegget ligg inne i den langsiktige delen av vedteken fylkesdelplan. |

[2] ) Oppstart av arbeidt
[3] ) Spelemidlar (SM) er fordelt over tre finansieringsordningar
- ordinære anlegg
- nærmiljøanlegg
- Mindre kostnadskrevande anlegg

Tiltak som har vore søkt om, men som ikkje har fått tildelt spelemidlar, må fornya søknaden sin årleg. Det er eit krav at anlegget er prioritert i planen for å kunna søkja om spelemidlar.

| Nr. | Tiltak | Prosjekteigar | Stad | År[2] | SM[3] | Kort omtale med grunngjeving for behov |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 6. | Klubblokale | Sogndal fotball AS | Fosshaugane Campus | 2005 | Ordinær | Klubblokalet er ferdig bygd. Anlegget ligg inne i den langsiktige delen av vedteken fylkesdelplan. |
| 7. | Sykkelsal | Sogndal fotball AS | Fosshaugane Campus | 2005 | Ordinær | Sykkelsalen er ferdig bygd Anlegget ligg inne i den langsiktige delen av vedteken fylkesdelplan. |
| 8. | Treningstudio | Sogndal fotball AS | Fosshaugane Campus | 2005 | Ordinær | Treningstudioet er ferdig bygd. Anlegget ligg inne i den langsiktige delen av vedteken fylkesdelplan. |
| 9. | Uthaldssal | Sogndal fotball AS | Fosshaugane Campus | 2005 | Ordinær | Uthaldssalen er ferdig bygd. Anlegget ligg inne i den langsiktige delen av vedteken fylkesdelplan. |
| 10. | Oppgradering av eksisterande lysanlegg | Hodlekve Skisenter AS | Hodlekve | 2005 Steg 1 | Ordinær | Oppgradering av eksisterande lysanlegg er delt opp i fire prosjekt i ein heilheitleg plan. Bakgrunnen for prosjektet er at anlegget i dag ikkje er tilfredstillande når det gjeld tryggleik for god og kontinuerleg drift, mogelege framtidige utvidingar eller ENØK løysingar. Målet er at anlegget over ei stegvis utbygging skal rehabiliterast og oppgraderast, og få ei utforming i høve til NS-EN 12193. Dette er steg 1 som er gjennomført og teknisk godkjent (sjå i samanheng med prosjekt nr. 27). |
| 11. | Kunstgras-bane, Kvernes-haugen | Kaupanger idrettslag | Kaupanger idrettspark | 2005 | Ordinær | Kunstgrasbana er ferdig bygd. Anlegget ligg inne i den langsiktige delen av vedteken fylkesdelplan. |
| 12. | Utvikling av klatrevegg | Sognahallen AS | Sognahallen | 2006 | Ordinær | Klatreveggen er fullført. Utbygginga av klatreveggen har skjedd i samarbeid med klatreklubben. |
| 13. | Skifte av kunstgras | Sognahallen AS | Sognahallen | 2008 | Ordinær | Hallen er den einaste storhallen for fotball i fylket. Anlegget ligg inne i den langsiktige delen av vedteken fylkesdelplan. |
| 14. | Bygging av ATV og motorcross/ supermotard-bane. | NAT Motorsport Indre Sogn | Øvingsbana på Kaupanger | 2007 | Ordinær | Bana er ferdig utbygd og blir godkjent sommaren 2008. |
| 15. | Utviding av SIL-hytta | Sogndal idrettslag | Hodlekve | 2007 | Ordinær | Arbeidet er fullført. |
| 16. | Elektronisk miniatyrskyte-bane | Norum skyttarlag | Ylvisåker | 2007/ 2008 | Ordinær | Arbeidet vert ferdigstilt sommar 2008. |

| Nr. | Tiltak | Prosjekteigar | Stad | År[2] | SM[3] | Kort omtale med grunngjeving for behov |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 17. | Helgheim kunstgrasbane | Sogndal Folkehøgskule | Sogndal Folkehøg-skule | 2008 | Nærmiljø anlegg | Folkehøgskulen har stadig spurnad om leige av idrettsanlegg, ute og inne, frå lokale lag og organisasjonar. Grusbana er no i svært dårleg stand og må opprustast. Skulen har gått inn i ein avtale med Sognahallen om å overta deler av kunstgrasdekket. Kunstgrasbana på Helgheim er sentrumsnært og vil vere til god nytte for lokale lag Sogndal kommune har i vedtak av 21.05.08 gitt løyve til plassering av bana. Anlegget er godkjent som nærmiljøanlegg for søknad om spelemidlar. |
| 18. | Skøyteløkke | Norane idrettslag og Sogndal kommune | Ylvisåker | 2008-2009 | Nærmiljø -anlegg | Dette vil bli eit fleirbruksanlegg med skøytebane, ishockey, tennis, volleyball og basketball. Det er også planlagt lysmaster og bygg for lager, kiosk og bod. Tilbodet vil vere lågterskel og lagt opp for mykje eigenorganisert aktivitet. |
| 19. | Fornying av O-kart | Sogndal idrettslag | Hodlekve/ Kaupanger-skogen | 2009 | Ordinær | Orientering med kart og kompass er ein sunn og miljøvennleg aktivitet. I 2010 er det plan om å arrangere Nord Vest-Galoppen. Då er det viktig å ha oppdaterte og gode kart. Karta vert nytta til konkurransar, trening og for turgåarar. Mellom anna er turorientering ein populær og allsidigaktivitet for alle. Karta er orienteringssporten sitt anlegg. Orienteringsgruppa arrangerar kvar veke treningsløp som er opne for alle. Turorientering som kombinerar nærkart med fjellkart gir eit godt tilbod for alle i regionen. For å kunne tilby gode trimmogelegheiter med kart og kompass, må karta oppdaterast og reteknast. Gode kart er avgjerande for å arrangere eit vellukka orienteringsløp. |
| 20. | Sogn Ridehall AS | Sogndal køyre- og rideklubb | Kaupanger/ Hovland | 2008/ 2009 | Ordinær | Sogndal Køyre- og Rideklubb har dei starta opp arbeidet med å byggja ridehall på travbana Kaupanger/Hovland. |
| 21. | Sykkelbane, område for uorganisert aktivitet | Kaupanger Idrettslag | Kaupanger idrettspark | 2008 | Ordinær | Kaupanger I.L. femner om eit breidt aktivitetsfelt og tilbyr uorganisert og organisert aktivitet for heile befolkninga på Kaupanger. Idrettslaget ynskjer å vidareutvikle området med uorganisert aktivitet som inneheld bane for bmx-sykkel, sandvolleyball,skatebord og flatt område for generell aktivitet. |
| 22. | Hodlekve Nytt elektro-anlegg i alpinbakken. Del II | Hodlekve Skisenter AS/ Sogndal IL. | Hodlekve | 2008/ 2009 | Ordinær | Tiltaket er Del II (trinn 2,3 og 4) i ein heilskapeleg plan for oppgradering av eksisterande elektroanlegg i alpinbakken. Del I er gjennomført, teknisk godkjent og søkt om spelemidlar for. |

| Nr. | Tiltak | Prosjekteigar | Stad | År[2] | SM[3] | Kort omtale med grunngjeving for behov |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 23. | Fullføring av lysløype | Hodlekve Skisenter AS/ Sogndal IL | Hodlekve | 2009 | Ordinær | Lysløypa vart utvida i 2005. Det er i dag eit noko provisorisk lysanlegg som fungerer dårleg. Dette må gjerast meir permanent. I tillegg er det behov for noko grøfting og planering i traseen. |
| 24. | Utbetring og tilrettelegging for aktivitet på badeplassane | Sogndal kommune | Eide, Øyane, Ylvisåker, Vikane og Leirviki | 2009-2010 | | Ungdomsrådet ønskjer utbetring av badeplassane, m.a. god sand, stupetårn og flytebryggje, men og god infrastruktur med toalett og søppeldunkar. Ein skal leggja til rette for rørslehemma. |
| 25. | Hjortebakkane-hopp-, langrenns- og kombinert arena | Kaupanger idrettslag | Kaupanger idrettspark | 2009 | Ordinær | |
| 26. | Hodlekve Nytt servicebygg og garasje | Hodlekve Skisenter AS/Sogndal IL | Hodlekve | 2009 | Ordinær | |
| 27. | Hodlekve Ny funksjonærbu/ tidtakarbu | Hodlekve Skisenter AS/ Sogndal IL | Hodlekve | 2008 | Ordinær | Den gamle bua har vass-skader og råteskader og er ikkje lenger funksjonell. Alpingruppa arrangerar trening om mange renn i løpet av sesongen. Dei har og ein god del utstyr som skal lagrast. Det er difor behov for eit nytt hus som kan brukast til lager for utstyr for renn og trening, sekretariat og tidtaking. |
| 28. | Helgheim sandvolleyball-bane | Sogndal Folkehøgskule | Sogndal Folkehøg-skule | 2008 | Nærmiljø anlegg | Ei sandvolleyballbane vil vere ein flott tilvekst til andre nærmiljøanlegg, og vil fange opp ein aukande aktivitet innafor denne idretten. Bana vil kunne nyttast av lokale lag/spelarar, av skulen sine elevar, og skulen vil, ikkje minst kunne tilby plass for turneringar/leirar som volleyballforbundet arrangerar. Sogndal kommune har i vedtak av 21.05.08 gitt løyve til plassering av bana. Anlegget er godkjent som nærmiljøanlegg for søknad om spelemidlar. |

## 7.2 Økonomisk oversyn i prioritert handlingsprogram

| Nr. | Tiltak | Prosjekteigar | År | Kostnad | Finansieringsplan | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | Spelemidl. | Årlege dr.kost. | Eigenkap. | Dugnad | Komm.tilsk. | Fylkesk. Tilsk | Priv.-tils | Lån/gåver | Kommentarar |
| 1 | Utbygging av Kvåle idretts- og aktivitetspark | Kommunen i samarbeid med aktørane | 2008-2010 | Under utarbeiding | | | | | | | | | Eigne ressursar til planlegging. Finansiering vert søkt løyst for kvart tiltak i prosjektet med søknader om spelemidlar. |
| 2 | Fjordstien, frå nes til nes | Kommunen i samarbeid med fleire aktørar | 2008-2010 | Under utarbeiding | | | | | | | | | Eigne ressursar. Finansiering vert søkt løyst for kvart deltiltak. |
| 3 | Fleirbrukshall m/garderobe | Sogndal Fotball AS | 2005 | 16 089 250 | 4 000 000 | 295 000 | 1 600 000 | | | | | 10 500 000 | I fylkesdelplanen er det sett av kr. 2 000 000 i 2009 med restløyving i perioden 2010-2013. |
| 4 | Squash-hall | Sogndal Fotball AS | 2005 | 4 771 750 | 1400 000 | 100 000 | 700 000 | | | | | 2 700 000 | Anlegget ligg inne i fylkesdelplanen med løyving i perioden 2010-2013 |
| 5 | Liten hall for dans/aerobic | Sogndal Fotball AS | 2005 | 3 543 125 | 700 000 | 100 000 | 700 000 | | | | | 2 100 000 | Anlegget ligg inne i fylkesdelplanen med løyving i perioden 2010-2013 |
| 6 | Klubblokale | Sogndal Fotball AS | 2005 | 3 958 750 | 700 000 | 100 000 | 700 000 | | | | | 2 500 000 | Anlegget ligg inne i fylkesdelplanen med løyving i perioden 2010-2013 |
| 7 | Sykkelsal | Sogndal Fotball AS | 2005 | 3 110 150 | 700 000 | 100 000 | 700 000 | | | | | 1 700 000 | Anlegget ligg inne i fylkesdelplanen med løyving i 2009 |
| 8 | Treningstudio | Sogndal Fotball AS | 2005 | 2 662 500 | 700 000 | 135 000 | 700 000 | | | | | 1 300 000 | Anlegget ligg inne i fylkesdelplanen med løyving i perioden 2010-2013 |
| 9 | Uthaldssal | Sogndal Fotball AS | 2005 | 2 768 500 | 700 000 | 140 000 | 700 000 | | | | | 1 400 000 | Anlegget ligg inne i fylkesdelplanen med løyving i perioden 2010-2013 |
| 10 | Oppgradering av eksisterande lysanlegg | Hodlekve Skisenter AS | 2005 | 600 000 | 200 000 | 0 | 100 000 | 100 000 | 100 000 | | | 100 000 | Dette er 1. steg i ei utbygging på 4 steg. Steg 2,3 og 4 er no planlagt bygd ut samla. |

| Nr. | Tiltak | Prosjekteigar | År | Kostnad | Finansieringsplan | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | Spelemidl. | Årlege dr.kost. | Eigenkap. | Dugnad | Komm.tilsk. | Fylkesk. Tilsk | Priv.-tils | Lån/gåver | Kommentarar |
| 11 | Kunstgrasbane Kvernhushaugen | Kaupanger idrettslag | 2005 | 6 658 000 | 2 200 000 | 55 000 | 298 000 | 833 000 | | | | 3 327 000 | Anlegget vil bli vurdert i fylkesdelplanen som prioritert tiltak for perioden 2010-2015. |
| 12 | Utvikling av klatrevegg | Sognahallen AS | 2006 | 3 137 500 | 700 000 | 50 000 | 200 000 | 100 000 | | | | 2 100 000 | |
| 13 | Skifte av kunstgras | Sognahallen AS | 2008 | 3 100 000 | 1 000 000 | 350 000 | 250 000 | 250 000 | | | | 1 600 000 | |
| 14 | Bygging av ATV og motorcross/supermotard bane | NAT Motorsport Indre Sogn | 2007 | | | | | | | | | | Bana er ferdig, og blir godkjend sommaren 2008. |
| 15 | Utviding av SIL-hytta | Sogndal idrettslag | 2007 | 1 200 000 | 400 000 | 31 000 | 192 000 | 208 000 | 200 000 | | | 200 000 | Vedtak om kommunal løyving i kommunestyret 14.12.06. Tilskot vart tilvist 26.04.07. |
| 16 | Elektronisk miniatyrskytebane | Norum skyttarlag | 2007 | 312 673 | 97 974 | 5 000 | 104 125 | 48 000 | | | | 62 574 | |
| 17 | Helgheim kunstgrasbane | Sogndal Folkehøgskule | 2008 | 500 000 | 200 000 | 15 000 | 157 000 | 84 000 | | | 58 000 | | Sum finansieringsplan kr 565 000. Sogndal kommune har i vedatak av 21.05.08 gitt løyve til plassering av bana. |
| 18 | Skøyteløkke, Ylvisåker | Norane idrettslag/ Sogndal kommune | 2008-2009 | 418 205 | 200 000 | 12 000 | 30 164 | 98 000 | | | 50 000 | 40 000 | Sum finansieringsplan kr 418 164. Det er rekna med kr 70 041 i mva refusjon dersom kommunen står som byggherre. |
| 19 | Fornying av O-kart Hodlekve og Kaupangerskogen | Sogndal idrettslag | 2009 | 154 650 | 50 000 | 2 000 | 0 | 70 000 | | | | 30 000 | Sum finansieringsplan kr 155 000. |
| 20 | Sogn Ridehall AS | Sogndal køyre- og rideklubb | 2008-2009 | 3 113 000 | | 95 000 | | | | | | | |
| 21 | Sykkelbane, område for uorganisert aktivitet | Kaupanger Idrettslag | 2008 | | | 15 000 | | | | | | | |

| Nr. | Tiltak | Prosjekteigar | År | Kostnad | Finansieringsplan | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | Spelemidl. | Årlege dr.kost. | Eigenkap. | Dugnad | Komm.tilsk. | Fylkesk. Tilsk | Priv.-tils | Lån/gåver | Kommentarar |
| 22 | Hodlekve<br>Nytt elektro-anlegg i alpinbakken.<br>Del II | Hodlekve Skisenter AS/ Sogndal IL. | 2008/ 2009 | 2 000 000 | | 75 000 | | | | | | | |
| 23 | Fullføring av lysløype | Hodlekve Skisenter AS/ Sogndal IL | 2009 | 515 000 | | | | | | | | | |
| 24 | Utbetring og tilrettelegging for aktivitet på badeplassane | Sogndal kommune | 2009-2010 | Er under utarbeiding | | | | | | | | | |
| 25 | Hjortebakkane hopp-, langrenns-og kombinertarena | Kaupanger idrettslag | 2009 | | | 30 000 | | | | | | | |
| 26 | Hodlekve- nytt servicebygg og garasje | Hodlekve skisenter AS/ Sogndal IL | 2009-2011 | 4 000 000 | | 175 000 | | | | | | | |
| 27 | Hodlekve Ny funksjonær- og tidtakarbu | Hodlekve skisenter AS/ Sogndal IL | 2008 | 200 000 | | 10 000 | | | | | | | |
| 28 | Helgheim-sandvollyballbane | Sogndal folkehøgskule | 2008 | 223 000 | 111 000 | 15 000 | 62 000 | 50 000 | | | | | Sum fin.plan kr 210 000. Sogndal kommune har gitt løyve til plassering av bana. |

### 7.3 Hodlekve Skisenter – Oppgradering av lysanlegg i 4 steg

**Hodlekve Skisenter – Oppgradering av eksisterande lysanlegg**

Dette gjeld rehabilitering og oppgradering av elektroanlegget ved alpinbakkane i Hodlekve Skisenter.. Utbygginga er delt opp i fire delprosjekt:
Ansvarleg: Hodlekve Skisenter AS

Steg 1 – Leggje stamkabel/hovudkabel frå heishus til toppen av bratthenget
Byggjestart: 2005
Kostnad kr. 600.000
Dette steget er fullført, teknisk godkjent og det er søkt om spelemidlar.

Steg 2 – Leggje kabel frå kabelskap til toppen av bratthenget til stolpe nr. 14.
Byggjestart: 2008/2009

Steg 3 – Leggje kabel frå kabelskap på henget til nytt skap ved stolpe nr. 24.
Byggjestart: 2008/2009

Steg 4 – Utskifting av halogen 1500 W til 250 W høgtrykk natrium m.a. for å få lågare drifts-
kostnader.
Byggjestart: 2008/2009

Steg 2,3 og 4 er innspel nr 26 i handlingsplan kortsiktig del som no er samla i eit prosjekt.
Kostnad er kalkulert til 2 000 000

Bakgrunnen for prosjektet er at anlegget i dag ikkje er tilfredsstillande når det gjeld tryggleik for god og kontinuerleg drift, moglege framtidige utvidingar eller enøk løysingar. Målet er at anlegget over ei stegvis utbygging skal rehabiliterast og oppgraderast og få ei utforming i høve til NS-EN 12193

Det er ikkje søkt om idrettsfunksjonell godkjenning.

## 7.4 Mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg

Dette er mindre anlegg i nærmiljøet, innanfor ei samla kostnadsråme på kr. 80.000,-.

Søknader om mindre kostnadskrevjande nærmiljømidlar (50%) vert handsama fortløpande. Desse anlegga treng ikkje vere med i det prioriterte handlingsprogrammet, men bør vere med i planen.

I Sogndal kan m.a. desse prosjekta aktuelle som mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg:

1. Merking av turstiar og informasjonstavler i sentrum om turar og turløyper med utgangspunkt i Sogndal som regionsenter og skulesenter. Informasjon om kvar det ligg til rette for rullestolbrukarar.
2. Folkestien Eidsgrenda – Museet
3. Nærmiljøanlegget til Eidsgrenda vel
4. Bordtennisbord i betong ute på Kvåle idretts- og aktivitetspark.
5. Oppfordring til å setja ut sykkelstativ
6. Trudvang skule – vidareutvikla leikeplassen som nærmiljøanlegg.
7. Aktivitetsløype Kaupanger
8. Turstiar Kaupanger tilrettelagde for fleire brukargrupper og nivå.
9. Fjærland ridebane



*Foto: Gjertrud Birkenes*




*Foto: SIL O-gruppa*

## 8.0 HANDLINGSPROGRAM LANGSIKTIG DEL

Handlingsplanen gjev eit oversyn over aktuelle oppgåver innan idrett og fysisk aktivitet i eit langsiktig perspektiv. Tiltaka er **ikkje** prioriterte – sjå kart over planlagde tiltak. Nærare omtale finn du i vedlegg 6.

### 8.1 Ikkje prioritert handlingsprogram for perioden 2013-2020

| Nr. | Tiltak | Lokalisering | Ansvarleg |
|---|---|---|---|
| 1. | Opparbeiding av parkerings-plassar | Aktuelle stader er Dalaker, Goro, Åberge, Fretland, Svedal, Frudalstunnelen og Gardsel | Kommunen i samarbeid med grunneigarar |
| 2. | Fleirbrukshall/ridehall | Perhaugen på Barsnes | Frode Andreas Hågvar/ Reidun Sørestrand Hågvar |
| 3. | Kunstgras på Fosshaugane grasbane | Fosshaugane | Sogndal Fotball |
| 4. | Betre tilrettelegging av Nærestad friområde | Nærestad, Sogndalsdalen | Sogndal kommune |
| 5. | Folkesti Vikane – Lems hytter | Drogi | Sogndal kommune m.fl. |
| 6. | Turveg/kultursti | Hagelin/Stedjeberget | Sogndal kommune m.fl.: Sogndal kommune eigar turvegen til Skjer mens Statens vegvesen eigar til Bondevik. |
| 7. | Nestangen Fjordvandring | Loftesnes bru – Eresberg | Vurderast saman med reg. plan for Loftesnes bru |
| 8. | Nytt O-kart i Amla<br>Fornying av O-kart Vestreimstølen – Svartavatnet | Kaupanger | Sogndal idrettslag |
| 9. | Tilkomst og sanitæranlegg til offentleg badeplass/friluftsområde | Ylvisåker | Tilkomsten er ikkje prioritert i denne perioden av Trafikktryggleiksplanen. |
| 10. | Barsnesfjorden Rundt – folkesti | Barsnesfjorden | Trafikktryggleiksplanen. Innspel til Vegvesenet |
| 11. | Utearealet til vidaregåande skule | Kvåle – Fosshaugane | Vurderast i samband med Kvåle idrettspark- og aktivitetspark |
| 12. | Oppstallingsboksar | Kaupanger/<br>Hovland | Sogndal Køyre- og Rideklubb |
| 13. | Nærmiljø-anlegg | Kaupanger, Eidsgrenda | Eidsgrenda vel |
| 14. | Ny langrennsstadion | Hodlekve | Hodlekve Skisenter AS / Sogndal idrettslag |
| 15. | Klubbhus | Skrivarholmen, Barsnes | Sogndal Båtlag |
| 16. | Tilbygg til klubbhus og overbygd terrasse | Amlabukti, Kaupanger | Amlabukti grendalag |
| 17. | Fjærland ridebane | Fjærland | Fjærland skysslag |
| 18. | Sykkelcrossløype | Rutlinslid, sentrum | Vestre Leite grendalag |
| 19. | Islegging av leikeplass | Rutlinslid, sentrum | Vestre Leite grendalag |

| Nr. | Tiltak | Lokalisering | Ansvarleg |
|---|---|---|---|
| 20. | Nytt asfaltdekke på gocartbane | Kaupanger | NAF Motorsport Indre Sogn |
| 21. | Nytt heis- og alpinanlegg ved Rindabotn | Hodlekve | Hodlekve Skisenter AS / Sogndal idrettslag |
| 22. | Klatrevegg og løypestreng | Rutlinslid, sentrum | Vestre Leite grendalag |
| 23. | Rehabilitering basseng i Fjærland | Fjærland | Sogndal kommune |

## 9.0. OPPFØLGING OG GJENNOMFØRING – ØKONOMI

### 9.1 Sikring av areal

Alle dei prioriterte tiltaka ligg på område som er regulert til føremålet.

Kommunen har løyst inn resten av friområdet på Kvåle. Det ligg føre reguleringsplan for området (Ingahaugen-Kvåle) vedteken i kommunestyret 30.04.03.
Reguleringsplan for Fosshaugane – Kvåle vart vedteken i kommunestyret den 10.06.04.

### 9.2 Gjennomføring

Dei prosjekta kommunen har ansvaret for, vil verte innarbeidd som årlege resultatmål i økonomiplan/budsjett.

Dei aller fleste tiltak er det organisasjonane som har ansvaret for. Nokre av anlegga i prioritert handlingsprogram er ferdigstillte i førre periode, men er overførte til inneverande periode fordi søknad om spelemidlar er sendt, men ventar på løyving.

For nye tiltak i prioritert handlingsprogram ligg det føre planar, kostnadsoverslag og finansieringsplan.

For dei resterande anlegga i prioritert handlingsplan vil prioriteringa i planen vere grunnlaget for å prioritere søknader om spelemidlar kvart år.
Nærmiljøanlegg og mindre ordinære anlegg kan takast inn i handlings-programmet ved rullering.
Anlegg frå den langsiktige uprioriterte lista kan om nødvendig førast over til handlingsprogrammet ved den årlege rulleringa av planen.

### 9.3 Økonomi og finansiering

Dei kommunale prioriterte prosjekta må meldast inn i kommunen sin økonomiplan.

Spelemidlane vil vere ein viktig finansieringsordning for dei prosjekta som kvalifiserer for slike tilskot. Staten ved Miljøverndepartementet har og ei tilskotsordning som kan nyttast for fleire tiltak retta mot fysisk aktivitet og friluftsliv.

Kommunen vil stille garanti i samsvar med forskrift om tilskot til anlegg og fysisk aktivitet. Dette gjeld flerbrukshaller, alpinanlegg, golfanlegg, motorsportanlegg og kunstisbane. I handlingsprogrammet gjeld det for tiltak 4 (flerbrukshall Fosshaugane campus) og 46 (nytt alpinanlegg ved Rindabotn).

**Investeringsbehov for leikeplassar**
Ordninga med spelemidlar kan ikkje nyttast til bygging av leikeplassar for barn under skulealder. Kommunen bør kartleggje behov for opprusting av leikeplassar gjennom ein revisjon. Den siste revisjon vart gjennomført i 1997 og har vore grunnlag for tildeling av midlar til utbetring av leikeplassar. Tilskotet har vore kr 25.000 i kulturmidlar årleg sidan 1997.

Tilstanden ved mange leikeplassar er no vorte så dårleg at dei er heller farlege enn trygge leikeplassar. Kommunen må kartlegge behovet for å danne eit grunnlag for investeringsbudsjettet. I kommuneplanen heiter det at ei viktig

utfordring er å sikre tilgang og kvaliteten på nærleikeplassar for alle bustader.

### Hodlekve

Vi skal legge til rette for utvikling av Hodlekve som vintersportstad, seier kommuneplanen. Kommunen skal stille garanti ved utbygging av alpinanlegg men det kan også bli aktuelt at kommunen vert spurt om støtte til utviklinga i form av lån eller tilskot.

### Kvåle idretts-og aktivitetspark

Idrettsanlegget og grasmatta på Kvåle Stadion treng rehabilitering. Sogndal Fotball har ingen planar om å rehabilitere Kvåle stadion. Anlegget vart etablert i 1983 og kunststoffdekka treng rehabilitering. Det har vore lite eller ingen vedlikehald av kunststoffdekke. Som vertskommune for fleire skuleslag er friidrettsbane eit viktig anlegg for undervisninga, og kommunen bør ta ansvar for rehabiliteringa.

Det planlagde Kvåle idretts- og aktivitetspark er eit prioritert tiltak i planen. Dette vil og omfatte rehabilitering av Kvåle stadion og nytt friområde på Kvåle, og skal ivareta skulane, idrettslaga og ålmenta sine behov. Like eins vil ungdomsrådet sine ønskje om ulike aktivitetar verte vurdert i dette området, t.d. skatepark.

Planlegginga av Kvåle idretts- og aktivitetspark startar i haust 2008 og vil danne grunnlag for eit investeringsbudsjett.

**Regionalt bade- og symjeanlegg**

Sogndal kommune har fått spørsmål frå Luster kommune om å delta i finansiering/drift av nytt badeland i Gaupne. I møte 16. februar 2006 gjorde Formannskapet i Sogndal kommune vedtak om å bidra med kr 300.000,- i investeringsstøtte dersom Luster realiserer eit regional badeanlegg. Det er trong for å greie ut etterspurnaden og den optimale lokaliseringa, før det vert fatta vedtak om regionalt badeanlegg.

## 9.4 Konsekvenser ved brot på krav

Kommunen skal til ei kvar tid ha oversyn over status til alle anlegg bygde med offentlege tilskot. Lag og organisasjonar pliktar å meddele kommunen endringar i vilkår eller teknisk tilstand for alle nemnde anlegg i denne planen.

Anlegg som er delfinansiert av spelemidlar skal vere open for idrettsaktivitet i 40 år frå ferdigstilling. Kravet gjeld både ned nybygg og rehabilitering. Anlegget må vere funksjonelt for den aktiviteten det er bygga for.

Viss anlegget blir mellombels stengt for 3 månader eller meir, pliktar anleggseigar orientere departementet i forkant av stenging. Viss den framtidige drifta av anlegget er trua, skal anleggseigar orientere departementet om dette.
Desse plikter har og kommunen.



*Foto: Tor Yttri*

## 10.0 VIL DU VITE MEIR?

Kjelde for meir informasjon om idrett og fysisk aktivitet (nasjonalt)
www.idrettsanlegg.no

Kjelde for meir informasjon om folkehelse (nasjonalt)
http://www.regjeringen.no/nb/dep/hod/tema/Folkehelse.html?id=10877

http://www.shdir.no/kommunehelseprofiler

På Sogndal kommune si heimeside finn du m.a.:

- oversikt over alle lag og organisasjonar med kontaktperson
- omtale av dei største idrettsanlegg
- omtale av turløpar
- omtale av badeplassar

Omtale av fiskeplassar
Gå til www.sogndal.kommune.no for meir lokal informasjon.

Fylkedelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse:
http://www.sfj.no/cmspublish.nsf

Kjelder for meir informasjon :
www.sogndal.vgs.no
www.hisf.no
www.sogndal.fhs.no
www.sogndalidrettslag.no
www.kaupangeridrettslag.no
www.noraneidrettslag.no
www.fjærlandidrettslag.no
www.idrettsenteret.no (her finn du og Sognahallen)
www.hodlekve.no
www.fjellsportfestivalen.no



*Foto: Tor Yttri*

## VEDLEGG 1. DEFINISJONAR

Forklaringar er henta frå Kultur- og kyrkjedepartementet sine rettleiarar 'Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet' og 'Forskrifter og bestemmelser om stønad av spillemidler til anlegg og friluftsliv'.

**Idrett**
Med idrett vert meint aktivitet i form av trening eller konkurranse i den organiserte idretten.

**Fysisk aktivitet**
Med fysisk aktivitet vert meint eigenorganisert trenings- og mosjonsaktivitet, inkludert friluftsliv og aktivitetar prega av leik.

**Friluftsliv**
Miljødepartementet definerar friluftsliv som opphald og fysisk aktivitet i friluft, i fritida, med sikte på miljøendring og naturopplevingar. Kultur- og kyrkjedepartementet har valt å la friluftsliv inngå i omgrepet fysisk aktivitet.

**Idrettsanlegg**
I fordelinga av spelemidlar opererar departementet med slik klassifisering av idrettsanlegg:
- Nærmiljøanlegg
- Ordinære anlegg
- Nasjonalanlegg.

**Nærmiljøanlegg (NA)**
